

Bestilling tur til Island 05. – 08. mai 2014

Her er oppsett for for turen til Island 05.05. – 08.05. 2014. Turen er bestilt for 20 personar.

Pris pr. person

Kr. 7 205,-

Enkeltromstillegg

Kr. 950,-

Flytider, Icelandair

Avreise / Ankomst

Mandag 05 mai.: Bergen – Keflavik

13:00 15:25

Torsdag 08 mai.: Keflavik – Bergen

08:00 12:15

Transfer

Frå flyplass til hotell m/ guide, via den Blå Lagune

Frå hotell til flyplass u/ guide

Hotell overnatting, Icelandair Hotel Reykjavik Natura

Dobbelt/ twin rom inkludert frokost i 3 netter

Hotell Reykjavík Natura er et førsteklasse hotell som ligg i utkanten av sentrum. Her er det kort avstand til flotte turområder og det populære badestedet Nautholsvik.

Hotellet tilbyr sine gjester adgang til Spa område med innendørsbasseng, sauna og jacuzzi (heitur pottur). I tillegg har hotellet eigen bar, god restaurant og konferansefasiliteter. Ligg nær Øskjuhlid og restaurant Perlan. Meget god standard til god pris. Hotellet ligg i ca. 15 minutters gange fra sentrum.



Middag

To middagar på Hotell Reykjavik Natura

Ein avslutningsmiddag på restaurant Perlan, inkl. transport. Om nokon ønskjer det kan dei gå ein eller begge vegar.



Restaurant Perlan

Ein fantastisk restaurant, med utsikt over Reykjavik. Restauranten roterer sakte rundt 360 grader.

Blå lagune

Den blå lagune er kjent for sitt mineralrike vatn, ei blanding av sjøvatn og ferskvatn som kjem frå fleire hundre meters djup. Temperaturen er behagelige 38 grader.

Stopp i ca. 1 1/2 timer før bussen køyrer inn til hotellet i Reykjavik for innsjekking.



Aktivitet Borgarfjörður (dag 2)

Avreise kl. 09:00 frå hotellet, bussen køyrer i retning Borgarnes via tunnelen under Hvalfjörður. I Borgarnes vert det stopp på ein sjukeheim før vi køyrer vidare via Deildartunguhver –Europas største varmtvatns kjelde- til Reykholt. Reykholt er heimstaden til Snorre Sturlason, og det vil bli stopp på Snorrastofa. Her kjøper kvar enskilt billett.

Det vert også lunsj her. Lunsjen er ikkje inkludert i pakken.

Vidare går turen til Hraunfossar og Barnafoss før vi køyrer tilbake til Reykjavik.



„Fagdag“ i Reykjavik (dag 3)

Programmet for fagdagen er organisert av turkomiteen i Rogaland-, Hordaland- og Sogn & Fjordane Eldreråd. Detaljert program kjem seinare.

- Besøk på Vælferdsdepartementet
- Besøk på eldresenter i Reykjavik
- Besøk til eit område der det vert bygd bustadar for eldre
- Eventuelt eit besøk til det Nordiske hus om gruppa ønskjer det i Reykjavik, eigen inngangsbillett her

Oppsummerting program:

Dag 1

15:25 Ankomst flyplass Reykjavik. Avreise i eigen buss til Blå Lagune og deretter hotellet.

16:50-17:00

Ankomst Blå Lagune.

18:30 Avreise frå Blå Lagune til hotellet.

20:00 Middag hotellet

Dag 2

Frukost

09:00 Avreise for turen til **Borgarfjordur**.

Ca. 10:30 Besøk på Eldresenter i Borgarnes

Vi køyrer vidare via Deildartunguhver –Europas største varmtvatns kjelde-

Ca. 12:30 Ankomst Reykholt, Snorrastofa. Stopp her i ca. 2 timar.

På heimvegen skal vi sjå både Hraunfossar og Barnafoss før vi køyrer tilbake til Reykjavik. Om det er ønskjeleg stoppar vi på Álafoss ullfabrikkutsal i Mosfellsbæ; Ein kan gjere gode kjøp av ullkle/pledd.

Ca. 17:00-18:00 Ankomst hotellet i Reykjavik

19:30 Felles middag på hotellet etter ein innhaldsrik dag.

Dag 3 „Fagdag“ i Reykjavik

08:30 Avreise hotellet

09:00 Vi møter „vælferdsministeriet“ for informasjon om korleis eldreomsorg organiserast på Island. Utover formiddagen skal vi sjå oss rundt i eit område der det blir bygd eldrebustader, og besøke eit eldresenter.

Ca. kl. 14:30 er vi ferdige med det faste programmet og dagen står til fri disposisjon for å sjå sentrum, handle eller gå tur i området rundt hotellet. Dei som vil kan gå av bussen i sentrum, ev. sitte på med bussen tilbake til hotellet.

19:40? Avreise med transfer opp til Restaurant Perlan.

20:00 Felles avslutningsmiddag.

Dag 4

Frukost til dei som vil før avreise.

05:00 Avreise til flyplassen.

Oppsummering av kva pakken inneheld:

- Flyreise t/r Bergen Keflavik, inkl. flyskattar pr. januar 2014.
- Overnatting 3 netter i dobbeltrom m/ frukost på Icelandair Hotel Reykjavik Natura.
- Transfer m/ guide ved ankomst, via Blå Lagune, og deretter inn til hotellet.
- Inngang til Blå Lagune, inkl. handkle på Blå Lagune.
- Transfer u/ guide frå hotellet tilbake til flyplassen.
- Middag på hotellet dag 1 og 2
- Utflukt dag 2; Borgarfjordur. Som skissert i programmet.

Merk: Avslutningamiddagen på Restaurant Perlan er ikkje med i pakken, men vil bli betalt av vertsfylket Sogn og Fjordane (Eldrerådet).

Vi tek atterhald om eventuelle uforutsette hendingar som Travelnet Fjordane Reisebyrå ikkje rår med.

Sandane, 28. januar 2014

Marianne Ryssdal